

Kultur- og eldsjelpris

I år vil Skodje kommune tildele både kulturpris og eldsjelpris, og vi ønsker mange kandidatar til begge prisane.

Utan frivillige lag og dugnadsinnsats ville det sett annaleis ut i både bygd og by.

Kor, korps, idrettslag, teaterlag, ungdomslag, speidar, barneforeningar, velforeningar og mange andre legg til rette for sosiale og kulturelle møteplassar - og med det meningsfulle aktivitetar som skaper trivsel og tilhøyrslse.

Forslag på kandidatar skal sendast som epost til magne.fylling@skodje.kommune.no

Eller i brev til

Skodje kommune
Rådhuset
6260 Skodje

Frist: **15. september.**

Eldsjerprisen

Eldsjelprisen skal gå til ein person som har ytt ein særleg stor frivillig innsats i Skodje kommune.

Arbeidet skal vere knytt til humanitære eller kulturelle tilhøve i kommunen.

Kulturprisen

Kulturprisen skal tildelast ein person eller organisasjon som har ytt ein særleg stor innsats i Skodje kommune for å fremje kulturarbeidet eller gjere kultur tilgjengeleg for innbyggjarane.

Høyring av namnesaker

Skodje namnenemd vedtok i møte 31.08.17 å starte namnesak for fire adresseparsellar i Skodje kommune – på Svortahaugen, og i planområda Gyrihaugen i Utvika, Storbakken i Skodje sentrum og soningssenter på Digernes.

Namnenemda legg følgjande aktuelle namn ut på høyring:

Adresseparsell på Svortahaugen

1. **Svortahaugen** med grunngjeving at ein annan adresseparsell i området har fått namnet Svorta. Namnenemda er av den oppfatning at Svortahaugen er den mest brukte uttalen. Svortahaugen er også namnet som blir brukt i boka Stadnamn for Skodje kommune, utgitt i 1987.

2. **Svortehaugen** er eit namn som mellom anna blir brukt på nokre kart.

Vegar i tre planområde:

1. Gyrihaugen, Utvika.

Aktuelt namn: **Gyrihaugen**. Grunngjeving: Gyri var ei trollkvinne, kvinneleg troll (gygre = troll). Borna vart skræmde med at ho budde i ei hule nede ved sjøen og kunne ta dei om dei ikkje var snille. Derav namnet i daglegtale.

2. Storbakken, Skodje sentrum

Aktuelt namn: **Niusbakken**. Grunngjeving: Niusen er ein fjelltopp som kan nåast med fleire ræser som startar i området. Niusbakken vil vere ein av mange bakkar som må forserast i vandrainga mot toppen.

3. Soningssenter, Digernes

Aktuelle namn: a) **Bythaugen**. Grunngjeving: Bythaugen er namn på ein haug sentralt i området.

b) **Digernes vest**. Grunngjeving: Det er ei stor utbygging på gang i området, der Digernes er blitt ei merkevare. For å skilje området der soningssenteret skal ligge frå næringsutviklinga i aust, kan Digernes vest vere aktuelt namn.

Namneforslaga blir med dette lagt ut til offentleg høyring etter stadnamnslova § 6.

Reglane om høyring er først og fremst knytt til skrivemåten av namnet.

I Skodje kommune ønsker vi likevel merknader og innspel også på det som gjeld val av sjølve namnet.

Det er formannskapet som skal gjere endeleg vedtak i namnesaker.

Høyringsfrist på aktuelle namnesak er sett til **20. oktober 2017.**

Merknader og innspel kan sendast til Skodje kommune, kultureininga, rådhuset, 6260 Skodje, eller på epost til magne.fylling@skodje.kommune.no.

Privat brøyting

Ordninga med privat brøyting vart avvikla frå vintersesongen 2014/2015 for Skodjebygda, og frå 2015/2016 for resten av kommunen. Skodje kommune har brøyteentreprenørar til kommunale vegar i desse grendene:

Skodjebygda:

- Halvar Skodje, tlf. 918 50 735

Håhjem, Valle, Glomset, Brusdal, Utvika:

- Lars Kristian Valde, tlf. 950 47 915

Engesetdal:

- Oddbjørn Døving, tlf. 918 59 240

Fylling:

- Oddbjørn Døving, tlf. 918 59 240

Stette - Stavset:

- Vidar Sunde, tlf. 905 46 715

Brøyting av diverse private vegar i Skodjebygda: Vidar Sunde, tlf. 905 46 715.

Dersom du har behov for brøyting av privat veg, kan du ta kontakt med ein av desse.

Litt av kvart

Helsestasjonen

Helsestasjonen vert stengt 19., 20. og 21. september.

Kommunelege

Kommunelege Magnus Norstrand Lied skal ha utdanningspermisjon frå 16. oktober 2017 t.o.m. 31. desember 2018.

Fastlegelista hans vil bli ivareteken av lege Andreas Skuseth Heggdal i heile perioden.

Nye Alesund kommune

Er du interessert i kva som skjer i bygginga av ny kommune? Du finn informasjon på nettsida nyealesund.no.

Flyttemelding

Hugs å melde om flytting til folkeregisteret. Dette gjeld også ved flytting innanfor kommunen.

Neste Kommunenytt

Neste Kommunenytt kjem ca. 15. desember. Frist for innlevering til dette nummeret er 8. desember.

TV-aksjonen

Årets TV-aksjon «Hvert barn er en mulighet» går til UNICEF sitt arbeid for å gje utdanning til barn som er ramma av krig og konflikt. I år går TV-aksjonen av stabelen 22. oktober.

22. oktober skal 50 bøsseberarar gå ut i Skodje for TV-aksjonen, slik at flest mogleg av innbyggjarane i kommunen får besøk, og høve til å yte sitt for at barn i Columbia, i Sør-Sudan og Mali, i Afghanistan og i Syria får skulegang og håp der krig og konflikt raser.

TV-aksjonsgruppa vil vere til stades på Skodjedagane med informasjon om formålet med årets aksjon, samt å gje interesserte høve til å melde seg som frivillige medhjelparar på sjølve aksjonsdagen.

På TV-aksjonen si nettside blimed.no kan du lese meir om aksjonen, eller melde deg som bøsseberar.



Dette skjer

SkodjeDagane

Skodje Skulekorps inviterer til salsmesse i og rundt Gomerhuset i Skodje sentrum. Vi ønskjer å få til ei spennande messehelg, med variert program og underholdning for einkvar smak.

Messa er open laudag 16. september og søndag 17. september frå kl. 11.00 til 17.00.

Loppemarknad

Det vert loppemarknad i år også under SkodjeDagane.

Vi held ope kl. 11:00-17:00 både laurdag og søndag. Og vi treng lopper!

Loppemarknad er arenaen for gjenbruk – her kan du levere lopper eller finne nye skattar. Vi tek i mot det meste av ting og tang, så sant det er brukande og enkelt å handtere.

El-artiklar og kle tek vi ikkje imot.

Lopper kan leverast på Gomerhuset, fredag 16. september frå kl. 18.00. Inngang nord fra grusbana. Har du lopper, men treng hjelp til å frakte dei, kan du ringe vår kontaktperson Tor Christian Solevågseide, tlf. 90 72 51 55.

Open dag på brannstasjonen

I samband med Brannvernveka vert det open dag på brannstasjonen laurdag 23. september frå kl. 12.00 - 15.00.

Den internasjonale eldredagen

Eldrerådet vil markere den internasjonale eldredagen fredag 6. oktober. Dagen vert markert på Gomerhuset kl. 18.00 denne dagen.

Av program kan ein nemne:

- Kåseri av Ole Ellefsen: «I eit egg over atlanteren»
- Musikalsk innslag ved Ferdafolk
- Enkel servering

Trimaktivitetar

Helsetrim for damer og herrar på Gryte-stranda skule kvar onsdag kl. 18.30 - 20.00.

Helsetrim for damer og herrar på Tennfjord skule kvar onsdag kl. 19.00 - 20.30.

Helsetrim for herrar på klubbhuset til Skodje I.L. kvar onsdag kl. 19.00 -20.30.

Helsetrim for damer på klubbhuset til Skodje I.L. kvar måndag kl. 18.30 -20.00.

Seniordans på Røde Kors-huset på Sjøholt kvar onsdag kl. 17.00 - 19.30.

Arr.: LHL Skodje/Ørskog/Haram

"Kommunenyt" er utgjeve av Skodje kommune, og vert distribuert til alle husstandar, handlande og kontor i Skodje, og kommunale avdelingar. Ansvarleg redaktør: rådmann Bente Glomset Vikhagen.



SKODJE KOMMUNE

6260 SKODJE | 70 24 40 00 | Beredskapstlf. teknisk: 99 29 66 35
postmottak@skodje.kommune.no | www.skodje.kommune.no